

Vurderingskriterium for munnleg privatisteksamen i engelsk

Ferdigheit	Karakteren 5 og 6 Høg måloppnåing	Karakteren 3 og 4 Middels måloppnåing	Karakteren 2 (og 1) Låg måloppnåing
Munnleg kommunikasjon	Kandidaten presenterer stoffet med ein føremålstenleg struktur og viser kreativitet og sjølvstende	Kandidaten presenterer stoffet på ein nokså sjølvstendig måte, med god struktur og klar samanheng	Kandidaten gir ei enkel framstilling av stoff og tema med tilfeldig struktur og mindre klar samanheng
	Kandidaten snakkar korrekt, variert og idiomatisk engelsk sjølv om feil kan førekomme, og viser god meistring av språket sitt formverk	Kandidaten har eit bra ordforråd som uttrykkjer det meste om gitt tema, har rimeleg korrekt språkføring med berre få feil som ikkje går ut over heilskapen	Kandidaten bruker eit enkelt ordforråd og meistrar i noko grad korrekt språkføring, men det førekjem ein del feil i syntaks og grammatikk
	Kandidaten deltar i spontan samtale og diskusjon på ein svært god måte, kan tilpasse språkbruken til situasjonen, og gi uttrykk for eigne synspunkt, tankar og opplevingar på ein sjølvstendig og reflektert måte	Kandidaten deltar i spontan diskusjon og svarar på ein føremålstenleg måte, kan i noko grad bruke eit språk og ordforråd tilpassa situasjonen og temaet, og gir greitt uttrykk for eigne synspunkt, tankar og opplevingar	Kandidaten viser evne til å kommunisere på engelsk, men treng å få ein del spørsmål for å få fram synspunkt og tankar, han viser evne til å kommunisere på engelsk, men språket er berre i noko grad tilpassa situasjonen
	Kandidaten snakkar med målretta bruk av setningsstruktur og tekstbindingsformer	Kandidaten uttrykkjer seg med ganske god bruk av ulike setningsstrukturar og tekstbindingar	Kandidaten bruker enkle setningar og tekstsamanbindingsformer
Kultur/samfunn/(litteratur)	Kandidaten kan på ein sjølvstendig og presis måte diskutere og analysere litterær tekst eller film	Kandidaten kan diskutere og til ei viss grad analysere litterær tekst eller film	Kandidaten kan gjere greie for og vise noko forståing i analyse av litterær tekst eller film
	Kandidaten kan gjere greie for, drøfte og skildre sjølvstendig og reflektert aspekt ved kultur, samfunnstilhøve, media, historie, geografi eller aktuelle tema i den engelsktalande verda*	Kandidaten kan i noko grad gjere greie for, drøfte og skildre aspekt ved kultur, samfunnstilhøve, media, historie, geografi eller aktuelle tema i den engelsktalande verda*	Kandidaten kan på ein enkel måte gjere greie for, drøfte og skildre aspekt ved kultur, samfunnstilhøve, media, historie, geografi eller aktuelle tema i den engelsktalande verda*

Språkleg innsikt og refleksjon	Kandidaten er i stand til å uttrykkje svært god innsikt i eiga språklæring	Kandidaten er i stand til å uttrykkje innsikt i eiga språklæring	Kandidaten er i stand til å uttrykkje ei viss innsikt i eiga språklæring
	Kandidaten kan sjølvstendig og utfyllande gjere greie for sjangertrekk, tekstsamanheng og språklege verkemiddel i relevante tekstar	Kandidaten kan i store trekk gjere greie for sjangertrekk, tekstsamanheng og språklege verkemiddel i relevante tekstar	Kandidaten kan på ein enkel måte gjere greie for sjangertrekk, tekstsamanheng og språklege verkemiddel i relevante tekstar

*avhengig av måla i læreplanen

Eksamenskarakteren skal settast på ei samla vurdering av kvaliteten av kandidaten si måloppnåing slik den kjem fram på eksamen. For å få detaljert oversikt over læreplanen i faget og alle læreplanmåla, må ein gå til www.undanningsdirektoret.no
Eksaminering skal gi kandidaten høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogeleg, jf. *Forskrift til opplæringslova*

Vurderingskriterium for privatistar (jf. Forskrift til opplæringslova §3-10) er utarbeidd av region Sør Vest i samarbeid med Opplæringsregion Nord.